



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3856 - 16/32295

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

01.12.2016

Oversending av klage på gebyr til endeleg handsaming - gbnr 247/10 Dyrkolbotn

Saka gjeldt krav om tilbakebetaling av gebyr grunna sakshandsamingstid, brev motteken 04.11.16.

Som grunngeving vert det syna til saksutgreing og vurdering.

Saksutgreing

Saka gjeldt krav om tilbakebetaling av gebyr for overskridelse av sakshandsamingstida.

- 29.12.15 Søknad vart registrert hos kommunen
- 04.02.16 Søknad vart avvist av kommunen
- 25.02.16 Vedtak om avvising av søknad vart påklaga
- 04.05.16 Vedtak i klagebehandling videresendt til Fylkesmannen
- 27.07.16 Fylkesmannen opphever kommunens avvisingsvedtak
- 08.08.16 Kommunen mottar Fylkesmannens vedtak
- 21.09.16 Kommunen gjeve rammeløyve og delvis igangsettingsløyve

Det er i brev 04.11.16 mellomanna stilt spørsmål om det kan opnes opp for fristforlenging ved klagesak. Vidare er det stilt eit prinsipalt krav der sakshandsamingstida vert vurdert samla frå søknad kom inn 29.12.15 til vedtak vart fatta 21.09.16. Sekundært skal sakshandsamingstida vurderast etter følgjande tidstabell:

- 29.12.15-07.01.16 Tid frå søknad kom inn til den vart sendt i retur
- 15.01.16-04.02.16 Tid frå nabomerknad vart sendt inn til kommunen og til kommunen stadfesta sitt avvisingsvedtak.
- 25.02.16-04.05.16 Frist frå klage vart registrert hos kommunen til den vart oversendt til Fylkesmannen
- 27.07.16-21.09.16 Tid frå Fylkesmannens vedtaksdato til rammeløyve og delvis igangsettingsløyve vart gjeve i frå kommunen.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Tilsaman 13 veker og 6 dagar.

Det vert bemerkta i brevet at dato for avvisingsvedtak skal vere 04.02.16 og ikkje 07.01.16. Dette går også fram av Fylkesmannens vedtak av dato 27.07.16.

Vurdering

Fylkesmannen har i sitt vedtak av dato 27.07.16 lagt til grunn at brevet kommunen sendte ut 04.02.16 skal sjåast som sjølv avvisingsvedtaket. Kommunen tar dette til etterretning.

Berekning av tidsfrister går fram av SAK 10- kapittel 7 og Plan- og bygningslova §§ 21-7 og 21-8.

Ved berekning av tidsfrister i byggesaker gjeld pbl § 21-7 første ledd «*Søknad om tillatelse etter § 20-2 skal avgjøres av kommunen innen 12 uker etter fullstendig søknad foreligger..*»

Fylkesmannen oppheva kommunen sitt vedtak om avvising av søknad, dato for vedtak hos Fylkesmannen er 27.07.16. Dette vedtaket vart sendt frå Fylkesmannen per e-post den 08.08.16, sjå vedlegg. I SAK10 § 7-2 veiledning til tredje ledd går det fram at «Dersom et kommunalt vedtak oppheves av Fylkesmannen gjelder det en ny tidsfrist på 12 uker når kommunen får saken tilbake fra Fylkesmannen til ny behandling.»

Her går det klart fram at kommunen har 12 nye veker på å fatte vedtak i saka, og at fristen gjeld i frå den dagen kommunen mottok vedtak i frå Fylkesmannen. Frå kommunen mottok Fylkesmannen sitt vedtak til vedtak om rammeløyve og delvis igangsettingsløyve vart gjeve, gjekk det 6 veker og 2 dagar.

Kommunen kan ikkje gjere greie for kvifor saka fyst vart oversendt frå Fylkesmannen til kommunen 12 dager etter vedtaksdato.

VEDTAK:

Klage på gebyr vert ikkje tatt til følge.

Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg handsaming.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedtak - oppheving av avvising av byggesak - gbnr 247/10 Dyrkolbotn

Oppheving av avvising av byggesak - Lindås - Gnr 247 bnr 10 - Dyrkolbotn - Oppføring av ny personalbustad

Vedlegg:

Vedk tilbakebetaling av gebyr - gbnr 247/10 Dyrkolbotn

Vedk tilbakebetaling av gebyr - gbnr 247/10 Dyrkolbotn

Vedkomande klage på gebyr - gbnr 24710 Dyrkolbotn

Vedkomande klage på gebyr - gbnr 24710 Dyrkolbotn

Rammeløyve og delvis igangsettingsløyve del 1 for etablering av personalbustad og avlaupsanlegg - gbnr 247/10 Dyrkolbotn

Innsyn

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2015003856&

Kopi til:

Signhild Dyrkolbotn

Dyrkolbotn 119

5994

VIKANES

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen